



**Høgskulen  
på Vestlandet**

Nærregion Sogn og Fjordane

# Studentmedverknad i utvikling av utdanningskvalitet

Notat om eit studiekvalitetsforbetringsprosjekt ved campus Førde, våren 2017

Dagrun Kyrkjebø

Viseinstituttleiar

Institutt for helse- og omsorgsvitskap

N-NR 3/2018  
Høgskulen på Vestlandet, Nærregion Sogn  
og Fjordane

|  |   |  |
|--|---|--|
| <b>TITTEL</b><br><br>Studentmedverknad i utvikling av utdanningskvalitet   | <b>NOTATNR.</b><br>3/2018   | <b>DATO</b><br>04.05.2018  |
| <b>PROSJEKTITTEL</b><br>Studentmedverknad i utvikling av utdanningskvalitet  | <b>TILGJENGE</b>  | <b>TAL SIDER</b><br>21   |
| <b>FORFATTAR</b><br><b>Dagrun Kyrkjebø</b>   | <b>PROSJEKTLEIAR/-ANSVARLEG</b><br><b>Dagrun Kyrkjebø</b>   |  |
| <b>OPPDRAGSGJEVAR</b><br><b>Institutt for helse- og omsorgsvitskap, HVL</b>  | <b>EMNEORD</b><br><b>utdanningskvalitet, studiekvalitet, evaluering, utdanningsleiing, studentinvolvering</b> |  |
| <b>SAMANDRAG</b><br><br>Utvikling av utdanningskvalitet på bachelorstudiet i sjukepleie er ei prioritert oppgåve i HVL. For å utvikle kvaliteten på utdanninga må - og skal - studentane bidra. Studentmedverknad vert trekt fram i ulike offentlege dokument, sist i stortingsmeldinga «Kultur for kvalitet i høyere utdanning». Det er tydeleggjort i stortingsmeldinga at det er utdanningsinstitusjonane sjølve som må finne løysingar på korleis ein skal gjennomføre dette.<br><br>I dette notatet har ein sett på korleis studentinvolvering i arbeidet med utdanningskvalitet fungerer ved bachelorutdanninga i sjukepleie ved campus Førde i dag, og kva forbetringspotensial ein har i dette arbeidet. |   |  |
| <b>PRIS</b>  | <b>ISSN</b><br><br><b>0806-<br/>1696</b>  | <b>ANSVARLEG SIGNATUR</b><br><b>Maj-Britt Råholm (rettleiar)</b> |

## **Forord**

I mi tidlegare stilling som instituttleiar ved institutt for sjukepleieutdanning ved campus Førde var ei av mine oppgåver å arbeide med utdanningsleiing. Utvikling av utdanningskvaliteten på bachelorstudiet i sjukepleie var ei særskilt aktuell oppgåve. Blant anna skal ein som leiar sjå til at prosedyrane i kvalitetssystemet vert følgt opp. For å utvikle kvaliteten på utdanninga må - og skal - vi ha studentane med på laget. Studentmedverknad vert trekt fram i ulike offentlege dokument, sist i stortingsmeldinga «Kultur for kvalitet i høgere utdanning». Der vert det sagt at «Den store samfunnsmessige betydningen av utdanning krevjer også medvirkning og innflytelse fra flere aktørar, som for eksempel arbeidsliv og studenter. Studentene er en viktig ressurs i utvikling av utdanningskvalitet, og de bør i enda større grad enn i dag involveres i arbeidet med å forbedre utdanningene.» Det er tydeleggjort i stortingsmeldinga at det er utdanningsinstitusjonane sjølve som må finne løysingar på korleis ein skal gjennomføre dette.

I dette notatet har eg sett på korleis studentinvolvering i arbeidet med utdanningskvalitet fungerer ved bachelorutdanninga i sjukepleie ved campus Førde i dag, og kva forbettringspotensial vi har i dette arbeidet.

Førde, mai 2018

Dagrun Kyrkjebø

## Innhold

|   |    |
|---|----|
| 1.0 Innleiing .....   | 1  |
| 1.1 Studentinvolvering i utdanningane.....  | 1  |
| 1.2 Kvalitetsomgrepet i høgare utdanning .....  | 2  |
| 2.0 Problemstilling .....   | 3  |
| 3.0 Metodisk tilnærming .....   | 3  |
| 3.1 Praksisnær forskning .....  | 4  |
| 3.2 Val av datakjelder .....  | 4  |
| 3.3 Tilnærming til datamaterialet .....   | 5  |
| 4.0 Presentasjon av funn og diskusjon av funn .....   | 6  |
| 4.1 Studentevalueringar som bakgrunn for å gjere endringar.....   | 6  |
| 4.2 Tilsette sitt syn på studentevalueringar som hjelpemiddel i arbeidet med forbetring av utdanningskvalitet | 9  |
| 5.0 Oppsummering og forslag til tiltak .....  | 12 |
| Referansar .....  | 13 |
| Vedlegg 1 .....   | 15 |
| Vedlegg 2 .....   | 16 |
| Vedlegg 3 .....   | 17 |

## 1.0 Innleiing

Dette notatet bygger på eit internt arbeid som vart gjennomført i studieåret 2016/2017 ved institutt for sjukepleieutdanning ved campus Førde. Hensikta med arbeidet var å sjå på i kva grad instituttet legg til rette for studentinvolvering i utvikling av utdanningskvalitet på studiet, og korleis instituttet arbeider med dette. Arbeidet baserer seg på funn frå Studiebarometeret 2016 (Vedlegg 1), oppsummering av evalueringar frå bachelorstudentar ved sjukepleieutdanninga ved instituttet, studieplanar frå bachelorutdanninga i sjukepleie ved tidlegare Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) (1), no Høgskulen på Vestlandet (HVL), resultat frå ei spørjeundersøking blant emneansvarlege, studieadministrativt tilsette og studenttillitsvalte ved bachelorutdanninga i studieåret 2016/2017 og egne erfaringar med studentinvolvering i arbeidet med utvikling av utdanningskvaliteten på bachelorstudiet i sjukepleie.

Notatet er bygd opp av ei innleiing som fortel om bakgrunnen for prosjektet, ein del som skildrar korleis eg metodisk har gjennomført arbeidet og ein diskusjonsdel der funn frå kartlegginga vert presentert og diskutert. Notatet konkluderer ikkje med ei løysing, men kjem med framlegg til forbetringstiltak som kan gjennomførast i studiet. Notatet skal drøftast vidare med studentane, emneansvarlege og studieadministrativt tilsette ved instituttet for å finne gode løysingar for framtida.

### 1.1 Studentinvolvering i utdanningane

Studentane sitt høve til medverknad i høgare utdanning er ei sak som det har vore stort fokus på, og som er tydeleg lovregulert gjennom universitets- og høgskulelova (2). Historisk sett starta arbeidet med pålagde studentevalueringar etter St.prp.nr.1 (1993-94), der departementet haldt fram at utdanningsinstitusjonen sjølv hadde ansvar for å lage evalueringsordningar som skulle gje svar på om utdanningskvaliteten var god nok (3). Ei slik form for evaluering skulle seinast vere på plass i studieåret 1994-95. I dag vert studentinvolvering i arbeidet med utvikling av eit studium sett på som avgjerande for at studentane sjølve skal kunne identifisere eige læringsbehov (4). I tillegg er det framleis sterke føringar frå offentlege styresmakter på at utdanningsinstitusjonane skal legge betre til rette for studentmedverknad, og at dette igjen skal føre til betre studiekvalitet og trivsel for studentane. Lærestadane må ha høge ambisjonar på vegne av studentane og tydeleg vise kva dei kan tilby studentane og kva forventningar som vert stilt. Dette vil igjen verke positivt inn på læring (5, 6). Dette vert støtta i ein rapport frå NIFU (7) som seier at kvalitetsomgrepet vert demokratisert ved at synspunkt frå studentar, ferdigutdanna kandidatar og arbeidslivet sine vurderingar av utdanningane vert lagt vekt på både i utdanningsinstitusjonane og hos eigar.

Nokre viktige faktorar for at studentane skal lukkast er studentane sitt engasjement, kor mykje tid studentane set av til studia og korleis dei nyttar denne tida. Forventningar frå lærestaden til studentane om engasjement bør vere kjent allereie frå studentane søker på utdanninga. Om god læring skal skje er det særskild viktig at studentane nyttar tida til gode og tilpassa læringsaktivitetar (6, 8).

Spørsmålet om studentevalueringar sin validitet og reliabilitet er hyppig diskutert, og til ei viss grad einast forskarar om at slike undersøkingar er valide og reliable om studentane vert stilt adekvate spørsmål og om prosedyrane rundt evalueringane er tilfredsstillande. Her må studentane vere trygge på at dei kan vere anonyme, at evalueringa omfattar eit tilstrekkeleg tal studentar og emner/kurs med meir (9). Bruken av studentevalueringar må vere reflektert sidan datamaterialet ein samlar inn i større eller mindre grad viser studentane sine individuelle persepsjonar. Det vil her vere avgjerande å avdekke substansen i informasjonen i størst mogleg grad, slik at ein ikkje set i verk unødige tiltak. Det kan til sist vere uheldig for heile fagmiljøet ved utdanningsinstitusjonen. Ein skal også vere klar over at det ser ut til at tilhøve langt utover kvalifikasjonane til faglærar verkar inn på studentane sine evalueringar og at utdanningsinstitusjonen difor bør vere reflektert i høve korleis ein nyttar slike evalueringar (10).

## **1.2 Kvalitetsomgrepet i høgare utdanning**

Etter innføringa av kvalitetsreforma i høgare utdanning (11) i 2003 kan ein særleg sjå på endringar i organisering, studiestruktur og evalueringsformer som noko som har forma høgare utdanning fram mot kvalitetsmeldinga som kom i januar 2017 (5). Kvalitetsreforma førte også med seg krav om kvalitetssystem ved utdanningsinstitusjonane, der blant anna evalueringsordningar vert behandla (11). Fokuset på utdanningsleiing kan henge saman med alle dei politiske føringane som har vorte presentert gjennom åra, og som ved fleire høve har ført til reformer i høgare utdanning (12). Det ser ut til at ein meiner at utdanningsleiing skal vere svaret på problema ein har hatt med arbeidet med kvalitet i utdanninga. Spesielt ser dette ut til å gjelde det å sikre ei heilskapleg og samanhengande utdanning der ikkje dei ulike emna vert fragmenterte (12, 13).

Kvalitet kan definerast på mange ulike måtar, men om ein ser til kvalitetsmeldinga vel regjeringa ei opa tilnærming: «*Universitetene og høyskolene skal gi god utdanning som tilfredsstillende fastsatte standarder og krav til kvalitet, og som de kontinuerlig søker å utvikle og forbedre. Samtidig ønsker regjeringen en mangfoldig sektor som tydelig prioriterer fremragende miljøer med potensial til å delta og hevde seg, også i samarbeid med sterke fagmiljøer i andre land. Alle kan ikke bli like gode på alt, men alle kan bli veldig gode på noe, og tilstrekkelig gode på resten.*» (5).

Gjennom denne tilnærminga vert det gjeve eit tydeleg mandat til utdanningsinstitusjonane om at dei må arbeide mot desse måla.

## 2.0 Problemstilling

Hensikta med prosjektet var å skildre korleis institutt for sjukepleieutdanning ved campus Førde arbeider med studentinvolvering i arbeidet med forbetring av utdanningskvalitet, og korleis ein kan arbeide med dette i tida framover. Problemstillinga vart formulert som eitt hovudspørsmål:

*Korleis kan institutt for sjukepleieutdanning legge til rette for at studentane kan vere med å påverke innhald og læringsmetodar i studieprogrammet, og på den måten auke utdanningskvaliteten?*

To underspørsmål er formulert for å hjelpe i arbeidet fram mot å svare på problemstillinga.

- *Korleis handterer instituttet tilbakemeldingar frå studentar?*

- *Kva type tilbakemeldingar frå studentane fører til endringar i studieplan/pedagogiske metodar?*

## 3.0 Metodisk tilnærming

Kvalitativ forskingsmetode vert nytta for å beskrive og undersøke opplevingar, erfaringar eller kvalitetar hos menneske. Slik har kvalitativ metode høve til å presentere mangfald og nyansar i eit datamateriale (14, 15). Når ein som forskar gjer seg nytte av kvalitative forskingsmetodar kjem ein vanlegvis tettare innpå dei menneska ein skal forske på enn det som er vanleg i kvantitativ forskning. Dette er oftast ein føresetnad for at det skal lukkast, men det vil vere avgjerande at forskaren har ei refleksiv haldning. Refleksivitet er ein kompetanse som set forskaren i stand til å sjå sin eigen posisjon i samspel med dei menneska ein skal forske på, data som vert samla inn, teoretiske fortolkingar og for-forståelsen til forskaren (16).

Det å gjennomføre prosjekt i eigen organisasjon fører til at ein må tenke nøye gjennom utfordringar som for-forståing og korleis ein som forskar kan påverke informantane sine. I kunnskapsutvikling vil dette vere ein naturleg del av prosessen (17). Sidan prosjektet ikkje er gjennomført som eit ordinært forskingsprosjekt, vil eg seinare i dette kapitelet gjere greie for korleis eg har arbeidd med innsamling av dei ulike datasetta som eg nyttar meg av for å prøve å svare på problemstillinga til prosjektet.

### **3.1 Praksisnær forskning**

Grensa mellom forskning og utviklingsarbeid kan vere flytande og dermed vanskeleg å setje. Difor kan ein seie at praksisnær forskning og utviklingsarbeid er arbeid som vert gjort nær feltet der resultatata skal nyttast for å forbetre dagens praksis. Forskinga gjerast saman med aktørane i feltet. Forskaren må vere merksam på det som skjer rundt ein, vere nærverande og leve seg inn i feltet. I helse- og sosialfagleg praksis er det tre typar kunnskapskjelder ein fokuserer på i praksisnær forskning. Dette er erfaringsbasert brukarkunnskap, profesjonell erfaringsbasert kunnskap og den teoretiske, forskingsbaserte kunnskapen (18). Aksjonsforskning kan vere ei effektiv tilnærming til praksisfeltet, og dermed ein praksisnær forskingsmetode. Ein må vere observant på hemmande og fremjande faktorar i prosessen, som t.d. engasjementet hos deltakarane, ei form for einigheit om problemet ein skal studere og eit opplevd behov for endring. Hemmande faktorar kan vere t.d. svingande motivasjon, høgt arbeidspress og manglande leiarforankring (19). Om ein ser på aksjonsforskning med eit kunnskapsteoretisk syn, vil ein kunne seie at forskninga må kunne leve under ustabile og skiftande tilhøve og kunnskapsdanninga oftast vert lokal. Dialog og samspel mellom partane vil vere av høg viktighet for at kunnskapsdanninga skal skje (20).

### **3.2 Val av datakjelder**

For å prøve å finne svar på problemstillinga har eg valt å hente inn data frå ulike kjelder for å setje desse saman. Slik håpar eg å finne svar på kva tiltak som kan setjast i verk i framtida. Utgangspunktet for prosjektet var ei vissheit om at instituttet gjennomfører ei evaluering med avgangskulla rett før dei er ferdige med bachelorutdanninga i sjukepleie. Med to avgangskull i året genererer dette mykje informasjon om studentane si tilfredsheit med studiet.

Ved slutten av den tre årige bachelorutdanninga i sjukepleie på campus Førde vert det gjennomført ei studentevaluering der alle avgangsstudentar er tilstades. Studentane får presentert dei overordna læringsutbyta for sjukepleiestudiet og vert bedne om å vurdere eiga måloppnåing i høve læringsutbyta. Samstundes får dei kome med tilbakemeldingar til høgskulen om ting som burde vore endra, eller som fungerer godt. I tillegg får dei høve til å uttale seg om fysisk og psyko-sosialt læringsmiljø, støttetjenester på campus osv. Studentane får arbeide med spørsmåla i grupper og tilbakemeldingane vert gjevne både munnleg og skriftleg. Evalueringa vert referatført og lagra slik at den er tilgjengelege både for tilsette og studentar. Det har ikkje vore vanleg med tilbakemeldingar attende til studentgruppa på kva som har vorte endra i studieopplegget etter desse evalueringane, mykje på grunn av at studentane som har bidrege i evalueringa er ferdigutdanna. Det har ikkje vore diskutert å presentere evalueringane til studentkull som kjem etter. I dette notatet blir dei seks siste evalueringane tekne med som datagrunnlag.



Instituttet ønskte å sjå på om evalueringane har ført til endringar i emneplanane (1), og om slike endringar har noko å seie i høve studentane si tilfredsheit på studiet. Instituttet såg på studieplanen og endringar i denne dei tre siste åra, frå studieåret 2013/2014 til 2015/2016. På Studiebarometeret 2016 (Vedlegg 1) var det ein svak nedgang i studentane si tilfredsheit når det gjeld medverknad i studiet i høve tidlegare år.

For å belyse dei tilsette si side har instituttet også gjennomført ei elektronisk spørjeundersøking via Questback der emneansvarlege og studieadministrativt tilsette har svara på deira erfaringar med studentevalueringar som hjelpemiddel i arbeidet med forbetring av utdanningskvalitet (Vedlegg 2). 10 informantar vart inviterte til å delta i undersøkinga, der åtte svara på skjemaet. Dette gav ein svarprosent på 80 %. For å få ytterlegare informasjon om dette har instituttet gjennomført ei elektronisk spørjeundersøking via Questback der tillitsvalte studentar og studentar i fagutval har svara på spørsmål knytt til studentmedverknad i utviklinga av studiekvalitet (Vedlegg 3). 19 studentar vart inviterte til å svare på spørjeskjemaet, seks informantar svara på spørsmåla, noko som gav ein svarprosent på 32 %. Studentar og tilsette fekk ein kort informasjon om undersøkinga. Denne låg i starten av spørjeskjemaet. Svara på spørjeskjemaet er anonyme og ein har ikkje høve til å finne ut kven av dei som fekk tilsendt skjemaet som har svara på spørsmåla. Det ville også vore interessant å sjå på referat frå fagutval og samanlikna desse med emneplanane, eller å ha gjennomført intervju med tillitsvalte studentar og tilsette, men datamengda ville då bli for stor til for dette prosjektet. Dette kan vere aktuelt å gjere på eit seinare tidspunkt.

### **3.3 Tilnærming til datamaterialet**

Som tidlegare skissert var resultat frå Studiebarometeret 2016 om studentane si oppleving av medverknad utløysande årsak til at instituttet ønskte å gjennomføre ei kartlegging i høve tematikken.

I starten av arbeidet vart referat frå evalueringar frå slutten av utdanninga innhenta, og frå materialet vart det plukka ut tilbakemeldingar som var formulerte som forbetningsforslag eller der studentane melder at dei hadde opplevd at undervisning eller rettleiing hadde fungert dårleg. Desse funna vart samanlikna med emneplanar for aktuelle emner i bachelorutdanninga i sjukepleie for studieåret etter evalueringa, og ein registrerte om endringar var gjort. I dei tilfella endringar var gjennomført vart det registrert kva type endringar dette var snakk om. Etter denne kartlegginga vart det utarbeidd spørsmål til ei Questbackundersøking blant tillitsvalte studentar og emneansvarlege/studieadministrativt tilsette (Vedlegg 2 og 3). Spørsmåla vart utarbeidd med spørsmåla frå Studiebarometeret som mal, og desse vart tilpassa formålet.

I det vidare arbeidet med datamaterialet har det vore viktig for instituttet å kome fram til moglege tiltak for at studentane skal kunne vere med på å påverke innhald og læringsmetodar i studieprogrammet. Ein slik medverknad frå studentane vil truleg kunne vere med på å auke utdanningskvaliteten.

## 4.0 Presentasjon av funn og diskusjon av funn

Bakgrunnen for prosjektet var mellom anna resultatane frå Studiebarometeret 2016 (Vedlegg 1) som skildrar ein nedgang i studentane si tilfredsheit i høve medverknad. Studentane scora i 2014 totalt 3,8 poeng på ein skala frå 1 til 5, der 5 er best. Resultatet gjekk ned til 3,7 i 2015 og til 3,4 i 2016. Dette kan sjølvstundt vere resultat av naturlege svingingar, men på bakgrunn av denne endringa ønskte ein å sjå nærare på fenomenet. Resultatet kan vere påverka av diskusjonar rundt fusjon som har prega høgskulen i fleire år, det kan vere eit resultat av at studentgruppa har endra seg, eller eit resultat av at instituttet og organiseringa har endra seg i løpet av denne perioden. Truleg finn ein ikkje tydelege svar på dette, men moglege tiltak for å betre situasjonen vil bli presentert til slutt i notatet.

### 4.1 Studentevalueringar som bakgrunn for å gjere endringar

Når ein går inn og ser på evalueringane studentane har gjort av bachelorstudiet i sjukepleie, kan ein fort sjå at ein del av tilbakemeldingane går på personlege eigenskapar hos lærar/førelasar, medan andre tilbakemeldingar går meir på systemnivå og overordna føringar for studiet. Blant anna trakk studentane fram enkelte lærarar som dei har hatt i nokre emner, og nemner både positive og negative erfaringar. Slike tilbakemeldingar kan vere påverka av ulike faktorar hos studentane, blant anna kan studentane si oppfatning av læraren sin utsjånad, kjønn, alder og rase vere med å påverke tilbakemeldingane. Det vert også vist til at utåtvende lærarar vert betre likt enn dei meir innåtvende lærarane (10). Det er dermed ikkje slik at utdanningsinstitusjonen  bør  gjere endringar etter slike tilbakemeldingar, men ved gjentakande tilbakemeldingar kan ein til dømes sette inn tiltak som kollegarettleing for å kvalitetssikre undervisninga og ta temaet opp i medarbeidersamtale.

Eitt fellestrekk ved evalueringane er studentane sitt ønske om meir praktiske øvingar i studiet. Bachelor i sjukepleie er eit studium der 90 av 180 studiepoeng er praksisstudiar. 15 av desse 90 studiepoenga er sett av til praktiske øvingar og førebuing til praksis i utdanningsinstitusjonen. Innhaldet i utdanninga er styrt av Rammeplan for sykepleierutdanning (21) og studieplan og emneplanar er utarbeidd utifrå rammeplanen. I tillegg må sjukepleieutdanninga forhalde seg til

yrkeskvalifikasjonsdirektivet<sup>1</sup> frå EU som også påverkar innhaldet i utdanninga. Det fører til at når studentane ønskjer seg meir praktiske øvingar, vil dette vere vanskeleg å gjennomføre. Skal ein gjere endringar her må ein byte ut nokre praktiske øvingar med nye. Totalt vil ikkje studentane få fleire øvingar, men med å fordele øvingane meir utover alle tre år av utdanninga kan studentane likevel oppleve at dei vert møtt på sine ønskjer. Ei av utfordringane sjukepleiarutdanningane møter er rigiditeten i rammeplanen. Dette fører til svært detaljerte føringar for enkelte delar av utdanninga og lite detaljert for andre delar av utdanninga (22). Det er no eit pågåande arbeid med implementering av ny felles rammeplan for helse- og sosialfagutdanningar som skal gjelde frå og med opptak studieåret 2020/2021, og det vert arbeidd med nasjonale retningslinjer for alle helse- og sosialfagutdanningar<sup>2</sup>. Studentrepresentantar er involverte i dette arbeidet. Dette arbeidet vil også påverke i kva grad instituttet kan ta hensyn til studentevalueringar i dei næraste åra.

Det som verkeleg vil vere viktig er korleis vi ber studentane om å delta når det gjeld utviklinga av studiet. Korleis kan vi få fram studentane sine stemmer sjølv om vi kanskje ikkje har høve til å gjere alle endringar dei ber om? Ved å sikre gode retningslinjer for involvering kan vi legge til rette for dette, men vil det vere nok? For å sikre prosesskvalitet i dette arbeidet vil det vere fleire moglege tilnæringsmåtar. Til dømes kan ein nytte seg av tilbakemeldingar frå studentane straks etter undervisning/rettleiing er gjennomført til undervisar/rettleiar, ein kan gjennomføre spørjeundersøkingar blant studentar og tilsette, datainnsamling gjennom intervju med studentar, observasjon av undervisning og rettleiing, dokumentanalyse og vurdering av tal frå Database for høgere utdanning (DBH). Nokre av desse datainnsamlingsformene vil vere svært kostnadskrevjande, andre vil ikkje vere det i det heile. Uansett kva undersøkingar ein gjer viser det seg at det er vanskeleg å finne ein enkelt tilnæringsmåte som vil gje tydelege svar på kva delar av undervisning, rettleiing og opplæring som fungerer slik ein ønskjer og kva delar som heilt klart har forbettringspotensiale (8). Om ein som utdanningsinstitusjon er opptekne av å invitere studentane til å vise eit kritisk engasjement, vil ein kunne legge til rette for problematiserande undervisning til studentane. På den måten vil ein stimulere studentane til deltaking blant anna i demokratiske prosessar (23).

Vidare i evalueringsmaterialet ser ein at studentane har klare meiningar om rekkefølge på emner, når sluttvurdering i eit emne bør vere plassert og kva type eksamensform dei meiner høver best til emnet. Studentane svarer på dette retrospektivt og har på den måten fått litt avstand til


---

<sup>1</sup> <http://europolov.no/rettsakt/yrkeskvalifikasjonsdirektivet/id-653>

<sup>2</sup> <https://www.regjeringen.no/no/tema/utdanning/hoyere-utdanning/utvikling-av-nasjonale-retningslinjer-for-helse--og-sosialfagutdanningene/id2569499/>

gjennomføringa og veit også noko om korleis eige resultatet har vore på sluttvurdering. Dette har vore tilbakemeldingar som har vore nyttig for instituttet og i to av desse tilfella har instituttet kome fram til endringar i eksamensordninga slik at eksamen er blitt flytta til eit annan plass i årsplanen. Dette har vorte godt evaluert av seinare kull. Det ser dermed ut til at endringar i årsplan/årshjul kan vere aktuelt arbeid der ein kan involvere studentane i større grad enn i dag. Studentane er også gode på å gje tilbakemeldingar på teoretisk stoff dei opplev at dei manglar i møte med pasientar og pårørande i praksisstudia. Denne typen innspel har vore nyttig for instituttet når det kjem til val av pensumlitteratur og utarbeiding/revisjon av læringsutbyte.


Når studentane vert spurt om deira syn på korleis tilbakemeldingar frå studentgruppa vert følgt opp på instituttet, deler gruppa seg i tre slik tabell 1 viser. 1/3 svarar at dei er svært eller mykje tilfreds, 1/3 svarar at dei er tilfreds og 1/3 svarar at dei er noko eller lite tilfreds. Dette viser eit sprik i korleis studentane opplever saka. Dette kan ha noko å gjere med om studentane som har svara har vore tillitsvalte i kort eller lang tid, om dei har kome med tilbakemeldingar som ikkje har ført til endringar for kullet, eller om dei har opplevd at instituttet ikkje har vore interessert i å lytte til tilbakemeldingane studentgruppa har kome med. Alt dette er relevante problemstillingar å ta med seg i det vidare arbeidet.



Tabell 1

Vidare vart studentane spurte om i kor stor grad dei opplever at deira synspunkt vert lytta til når endringar skal gjerast i studieopplegget (tabell 2). Her ser det også ut til at studentane har ulike

oppfatningar av korleis dette gjerast. 1/3 av studentane er svært tilfredse, medan dei resterande 2/3 fordeler seg frå tilfreds til lite tilfreds. Studentane har ikkje kommentert kva dei har vore spesielt nøgd med eller spesielt lite nøgd med.




Tabell 2

1/3 av dei studenttillitsvalte svarar at kullet får tilbakemelding på innspel dei har kome med, med dei resterande 2/3 ikkje er godt nøgde med dette. Til sist vart studentane spurt om korleis miljøet mellom dei fagleg tilsette og studentane var og der svarar alle studentar at dei er godt, mykje eller svært tilfreds med dette.

#### 4.2 Tilsette sitt syn på studentevalueringar som hjelpemiddel i arbeidet med forbetring av utdanningskvalitet

Tilsette vart stilt nesten tilsvarande spørsmål som studentane. På spørsmålet om kor tilfredse dei er med engasjementet studentane syner for å påverke innhald og opplegg i emnet eller studieprogrammet vert svaret 3,13 av 5, eller sagt på ein annan måte 75% av dei tilsette er tilfreds eller mykje tilfreds med studentane sitt engasjement. Dette var eit overraskande høgt tal sett frå instituttet si side. Når dei tilsette vart spurt om studentane sine synspunkt vart lytta til, så viser tabell


3 at dette meiner dei tilsette vert gjort i stor grad. Her vart svara frå dei tilsette eit gjennomsnitt på 4,0, medan svara frå studentane vart eit gjennomsnitt på 3,0.



Tabell 3

Det ser ut til at dei tilsette i større grad enn studentane vurderer studentane til å ha høve til å engasjere seg og dermed påverke arbeid som vert gjort med studieprogram og pedagogiske metodar. Dei tilsette er i hovudsak godt nøgde med korleis emnegruppene og instituttet handterer tilbakemeldingar frå studentane, men tabell 4 syner at det ikkje er ein tydeleg strategi for tilbakemeldingar til studentane og kulla om i kva grad dei har påverka endringar.

### 5. I kva grad får studentane tilbakemelding på endringar som vert gjort i studieprogram eller pedagogiske opplegg etter evaluering frå studentgruppa?



Tabell 4

Dei tilsette er, slik som studentane, nøgde med miljøet mellom studentar og tilsette. Enkelte av dei tilsette etterlyser større grad av engasjement frå studentane, til dømes på emneevalueringar i Fronter som ofte vert svara på av eit fåtal av studentar.

Alt i alt ser det ut til at studentar og tilsette er rimeleg nøgde med den situasjonen vi har, og det kan difor vere grunn til å tru at endringa i resultat på Studiebarometeret berre er ei normal svinging. Ikkje uventa ser det ut til at både dei tilsette og studentane er mest nøgde med eigen innsats i desse spørsmåla, medan ein vurderer den andre parten litt dårlegare. Vi vil framover halde fokus på tematikken, spesielt fordi sjukepleieutdanninga skal gjennom store endringar dei næraste 2-3 åra. Denne endringa må vi få alle med på utan at det går utover kvaliteten.

## 5.0 Oppsummering og forslag til tiltak

Kartlegginga er blitt diskutert i møte mellom leiinga ved instituttet og studenttillitsvalte, og i emneansvarlegmøte der instituttleiing, emneansvarlege og studieadministrativt tilsette møter.

Vidare arbeid held fram i den nye organisasjonen når fakultet for helse- og sosialvitskap vart realisert frå 01.01.2018. Sjukepleieutdanningane vart då samla i institutt for helse- og omsorgsvitskap og som viseinstituttleiari har eg ansvar for bachelorutdanningane i sjukepleie i instituttet. Det vidare arbeidet med å sikre studentinvolvering i arbeidet med studiekvalitet vert vidareført til å gjelde alle fire campus som har bachelorutdanningar i sjukepleie.

Framlegg til tiltak:

- Faste møter med kulla der ein presenterer tilbakemeldingar frå tidlegare kull og korleis ein har arbeidd med desse tilbakemeldingane
- Tilbakemelding på kva som har blitt gjort med kullet sine evalueringar av tidlegare emner
- Faste møtepunkt med tillitsvalte studentar og leiinga ved instituttet
- Studentar som høyringsinstans når emneplanar og læringsutbyte skal reviderast
- Gjennomføring av kvalitetssystemet i HVL sine evalueringar av utdanninga, men ved behov utfordre studentar til å gje tilbakemelding gjennom ein survey eller som deltakarar i fokusgruppeintervju
- Oppfølging og evaluering av samarbeidsavtalar
- Dialog med studentombodet ved HVL om aktuelle saker



## Referansar

1. HISF. Studieplan for sjukepleie, bachelorstudium, heiltidsstudium 2016 [Henta frå: <http://studiehandbok.hisf.no/no/content/view/full/15607>.
2. Universitets- og høyskoleloven. Lov om universiteter og høyskoler LOV-2005-04-01-15 2005 [Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-04-01-15>.
3. St.prp.nr. 1 (1993-94). For budsjetterminen 1994. Om løyving til Kirke- utdannings- og forskningsdepartementet og tilhørende institusjoner. Oslo1993.
4. Haraldseid C, Friberg F, Aase K. How can students contribute? A qualitative study of active student involvement in development of technological learning material for clinical skills training. BMC Nursing. 2016;15(2).
5. Kunnskapsdepartementet. Kultur for kvalitet i høyere utdanning. Oslo: Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon; 2017.
6. Stensaker B, Prøitz TS. Fra en elitistisk til en demokratisk forståelse av kvalitet. I: Frølich N, (red.). Hva skjer i universiteter og høgskoler? Perspektiver fra vitenskapelig ansatte og studenter. Oslo: Universitetsforlaget; 2015. p. s. 25-36.
7. Aamodt PO, Hovdhaugen E, Stensaker B, Frølich N, Maassen P, Dalseng CF. Utdanningsledelse: En analyse av ledere av studieprogrammer i høyere utdanning. Oslo:NIFU; 2016.
8. Hatlevik IKR. Hvordan utvikle og kontrollere prosesskvalitet? Uniped. 2016;9(03):196-210.
9. Hanken IM. Studentevaluering av individuell hovedinstrumentundervisning. En case-studie av en høyere musikkutdanningsinstitusjon. Oslo: Universitetet i Oslo; 2007.
10. Aarstad J. Studentevalueringer i høyere utdanning: Hva kan den internasjonale forskningslitteraturen lære oss? Uniped. 2012;3(01):34-45.
11. Gjør din plikt - krev din rett : kvalitetsreform av høyere utdanning : tilråding fra Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet av 9. mars 2001, godkjent i statsråd samme dag. Oslo: Departementet; 2001.
12. Solbrekke TD, Stensaker B. Utdanningsledelse - stimulering av et felles engasjement for studieprogrammene? Uniped. 2016;39(2):144-57.
13. Kunnskapsdepartementet. Konsentrasjon for kvalitet : strukturreform i universitets- og høyskolesektoren. Oslo: Kunnskapsdepartementet; 2015.
14. Malterud K. Kvalitative metoder i medisinsk forskning. 3. utgåve. Oslo: Universitetsforlaget; 2011.
15. Kvale S, Brinkmann S. Det kvalitative forskningsintervjuet. 2. utgåve. Oslo: Gyldendal Akademisk; 2009.
16. Forskningsetiske komiteer. Veiledning for forskningsetisk og vitenskapelig vurdering av kvalitative forskningsprosjekt innen medisin og helsefag. Oslo; 2010.
17. Malterud K. Kvalitative metoder i medisinsk forskning. Oslo: Universitetsforlaget; 2003.

18. Hummelvoll JK, Andvig E, Lyberg A. Ethiske utfordringer i praksisnær forskning. Oslo: Gyldendal Akademisk; 2010.
19. Hummelvoll JK. Realisme i praksisnær forskning. Sykepleien Forskning. 2011;03:288-91.
20. Eikeland O, Finsrud HD. Research in action : Forskning og handling : søkelys på aksjonsforskning. Oslo: The Work Research Institute; 1995.
21. Kunnskapsdepartementet. Rammeplan for sykepleierutdanning. Oslo:2008.
22. Betty-Ann S, Gry O, Vigdis G. Hvordan bidrar rammeplanen for norsk sykepleierutdanning til akademisk profesjonskompetanse? Uniped. 2012;3(01):22-34.
23. Lycke KH, Handal G. Studentengasjement i høyere utdanning - Internasjonale perspektiver og norske studier. Uniped. 2016;39(02):171-83.

## Vedlegg 1

Utdrag frå Studiebarometeret 2016 ([www.studiebarometeret.no](http://www.studiebarometeret.no))

**Sjukepleie, bachelorstudium**, Høgskulen på Vestlandet - Sogn og Fjordane (skala 1-5 der 5 er best)

|   | 2016 | 2015 | 2014 |
|---|------|------|------|
| <b>MEDVIRKNING</b>  | 3,4  | 3,7  | 3,8  |
| Studentenes mulighet for å påvirke innhold og opplegg i studieprogrammet    | 3,2  | 3,7  | 3,7  |
| Hvordan kritikk og synspunkter fra studentene blir fulgt opp                | 3,3  | 3,6  | 3,7  |
| Det lokale studentdemokratiet (f.eks. tillitsvalgte og studentorganisasjon) | 3,7  | 4,0  | 4,1  |

## Vedlegg 2

**Informasjonstekst og spørsmål sendt ut til emneansvarlege og studieadministrativt tilsette via Questback våren 2017.**

*Stortingsmelding «Kultur for kvalitet i høyere utdanning» (2017) held fram at studentane er ein viktig ressurs i utvikling av utdanningskvalitet, og at dei i enda større grad enn i dag bør involverast i dette arbeidet. Ved campus Førde syner resultat frå Studiebarometeret 2016 at studentane på bachelor i sjukepleie er mindre fornøgde med graden av medverknad ein har på utdanninga enn det ein har vore dei to føregåande åra. Difor ønskjer vi å kartlegge dette litt nærare hos dykk.*

*Håper de tar dykk tid til å svare på spørsmåla – på førehand takk for hjelpa!*

Kor tilfreds er du med studentane sitt engasjement i høve til å påverke innhald og opplegg i studieprogrammet?

Kor tilfreds er du med måten emnegruppa/ instituttet følgjer opp kritikk og synspunkt frå studentane?

I kor stor grad opplever du at studentane sine synspunkt vert lytta til når det skal gjerast endringar i studieprogram eller pedagogiske opplegg?

I kva grad får studentane tilbakemelding på endringar som vert gjort i studieprogram eller pedagogiske opplegg etter evaluering frå studentgruppa?

Kor tilfreds er du med miljøet mellom studentane og dei fagleg tilsette?

Er det ting du som emneansvarleg saknar i samarbeidet mellom emnegruppa/instituttet og studentgruppa?

## Vedlegg 3

**Informasjonstekst og spørsmål sendt ut til studenttillitsvalte via Questback våren 2017.**

*Stortingsmelding «Kultur for kvalitet i høyere utdanning» (2017) held fram at studentane er ein viktig ressurs i utvikling av utdanningskvalitet, og at dei i enda større grad enn i dag bør involverast i dette arbeidet. Ved campus Førde syner resultat frå Studiebarometeret 2016 at studentane på bachelor i sjukepleie er mindre fornøgde med graden av medverknad ein har på utdanninga enn det ein har vore dei to føregåande åra. Difor ønskjer vi å kartlegge dette litt nærare hos dykk som er tillitsvalte eller som sit i fagutval. Håper de tar dykk tid til å svare på spørsmåla – på førehand takk for hjelpa!*

Kor tilfreds er du med studentane sin mulighet for å påverke innhald og opplegg i studieprogrammet?

Kor tilfreds er du med korleis kritikk og synspunkt frå studentane vert fulgt opp?

I kor stor grad opplever du at studentane sine synspunkt vert lytta til når endringar i studieprogram eller pedagogiske opplegg skal gjerast?

I kva grad får de tilbakemelding på endringar som vert gjort etter evalueringar frå studentgruppa?

Kor tilfreds er du med det lokale studentdemokratiet (studentorganisasjon)?

Kor tilfreds er du med miljøet mellom studentane og dei fagleg tilsette?

Forslag til forbetringar?